

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, Sp, A, SV og MDG fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 5:

Fylkesutvalet løyver kr. 100.000 frå fylkesutvalet sin rådeveldekonto (kontostreng: 100110.149000).»

Avrøysting

Innstillinga frå hovudutval for kultur, idrett og inkludering punkt 1-4 vart samrøystes vedteke. Brosvik sitt forslag punkt 5 vart vedteke med 15 mot 2 røyster (Frp) for innstillinga punkt 5.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner at regionalparkane i Vestland som er etablerte eller er under etablering, er gode regionale utviklingstiltak. Vestland fylkeskommunen er ein medspelar på denne typen verdiskaping, og vil stø initiativ i kommunar og lokalsamfunn.

2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen vurdere satsing for å sikre brei verdiskaping på kulturmiljøområdet, og som også er retta mot utviklingstiltak i regionalparkane. Evt nye ordningar skal forvaltast av Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

3. Økonomiske behov vert å sjå i samanheng med budsjettet for 2022.

4. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å legge fram forslag til retningsliner og innretting av ei eventuell tilskotsordning.

5. Fylkesutvalet løyver kr. 100.000 frå fylkesutvalet sin rådeveldekonto (kontostreng: 100110.149000).